



Det absolutte tyngdepunkt i aksjon

Heller ikkje i år lokkar Cirkus Arnardo med dramatiske og spektakulære høgdepunkt, programmet i sesong nummer 63 (og besøk nummer 31 på Rabben!) fortener difor mest karakteristikken triveleg familiesirkus. Det er fylt av sprudlande glede og humør. Det bidrar ikkje minst den franske klovnen Mathieu til.



[Klovn Mathieu og dei lokale aktørane](#)

Sirkusleiinga kallar han med rette ein smilets meister og han er noko langt meis enn ein vanleg klovn som stikker innom av og til.



Ut på tur i Arnardo-regi

Mathieu har også eit stort, eige nummer der han engasjerer lokale amatørar (og kanskje talentar). Tor Edward Taranger frå Uskedalen, Monica Espevik frå Husnes og Sindre Høllesli Oftedal frå Matre var denne gongen med på løyene som aktørar i manesjen.

Kanskje gav det meirsmak?

Franskmannen hadde også ein fantastisk evne til å engasjere publikum.

Men også dei andre tradisjonelle elementene er på plass, sjølv om dosene er noko mindre enn vanleg her og der. Bortsett frå trapeskunstnarane i Duo Boachin skjer det ikkje så mykje i luftrommet denne gongen. Men fleire får publikum til å gispe, til dømes linedansaren Nicol Nicols som i tillegg til baklengs også gjer forlengst salto som ein av berre 3 i verda.

Men apropos luftrommet: Dea & Michael Olivares utnyttar heile luftrommet på ein grasiøs eller kanskje heller poetisk måte. Dette er ein blå symfoni og hyldning til estetikken.

Duo Boldia med sitt hand-til-haånd-nummer lager menneskjelege skulpturar som ein nesten ikkje skulle tru var moglege å få til.

Sirkus er ikkje sirkus utan dyr men det er kanskje nok med ein elefant. Det er ellers eit stort menasjeri som Arnardo kan by på også i år. Yvonne Lubben imponerer både med eigne prestasjonar på sin hollandske Skinny og med 6 amerikanske ridehestar.

Og at Eddi Laforte klarar å halda styr på kattene, hundene og endene sine er meir enn utruleg.

Kva så med familien Arnardo sjølv? Generasjon 4 er eit faktum og heiter Luigi. Are og Paola fører tradisjonen med illusjonar vidare slik at vi nok

ein gong får høve til å stilla spørsmålet: Korleis er det mogeleg? Men uansett kva Are gjer vil bestefar Arne vera den vi minnst best. Han var ein trylleriets meister som vi knapt får att.

Det var langt ifrå fullt i teltet i kveld. Men for første gong på ei årrekke er det 2 framsyningar i Uskedalen. I morgon klokka 18 har du sjansen igjen. Arnardo held som vanleg kvaliteten oppe.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Amerikanske hestar som imponerte